



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dok. 19 er sendt elektronisk  
til styreleiar og til OK  
Austevoll.

Dato: 27.04.2018

Vår ref.: 2014/24617-19

Saksbehandlar: sigekel

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Innkalling til møte på fagopplæringskontoret på Stord

Fagopplæringskontoret innkallar opplæringskontoret ved Kjetil Kolbeinsvik og styreleiar Hege Lauvik til møte på vårt kontor på Stord den 25.05.18. kl 10.00.

I den seinare tid har fagopplæringskontoret arbeidd med to saker angående lærlingar i dykkar opplæringskontor. Forhold ved desse sakene har ført til bekymring frå vår side, og me finn det difor nødvendig å be om eit møte med leiinga i opplæringskontoret. Sakene me her refererer til gjeld lærlingane [redacted] og [redacted].

Målsetjinga med møtet er å sikre at det blir gitt god opplæring, i samsvar med lovverket, og at lærlingar fullfører og består opplæringa.

Fagopplæringa vil mellom anna drøfta:

- Samhandling med fagopplæringskontoret. Etterleving av vedtak
- Lærlingar sin integritet i læreforholdet
- Lærebedrifta si plikt til å skapa eit godt arbeids- og læremiljø
- Avbrot i læretid og manglande progresjon i opplæringa
- Dokumentasjon
- Resultat av lærlingundersøkinga

Det vert enkel servering.

Me ynskjer velkomen til møte på Stord.

Med helsing

Ragnhild Ravna Skjærvik  
leiar

Signe Ekeland  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Hege Øye Lauvik  
Gullsmedvegen 7  
5397 Bekkjærвик

Dato: 18.06.2018  
Vår ref.: 2014/24617-20  
Saksbehandlar: sigekel  
Dykkar ref.:

## Oppfølging av Opplæringskontoret i Austevoll - krav om tiltak

Vedlagt fylgjer referat frå møte 13.6.18 på fagopplæringskontoret.

Fylkeskommunen viser til det framlagte og ber om fylgjande:

- Det må bli sett inn strakstiltak jamfør forhold som fylkeskommunen la fram i møtet
- Det må utarbeidast ein tiltaksplan som gir oversyn over dei tiltak som vert sett i gong, prioritering og tidsfristar for gjennomføring
- Dagleg leiar skal ikkje ha direkte kontakt inn mot elevar og lærlingar i tida framover
- Fortløpande informasjon og dialog i forhold som kan ha betydning på fylkeskommunen sitt arbeid

Fylkeskommunen la ikkje fram absolutt alle forhold i møtet. I ettertid har ein funne at særleg eit forhold burde ha vore lagt fram. Vedlagt fylgjer difor kopi av korrespondanse

Fylkeskommunen finn det nødvendig å setja ein kort frist på svaret frå styret. Frist vert sett til 25.06.18.

Ragnhild Ravna Skjærvik  
leiar

Signe Ekeland  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: referat frå møtet 13.06.2018  
e-post av 7. og 8. mai 2018

## Møtereferat

Dato: 13.06.18

Emne:	Møte med styret i Opplæringskontoret i Austevoll		
Til stades:	Styreleiar Hege Lauvik, styremedlem Eivind Eide Hordaland fylkeskommune ved spesialrådgjevar Signe Ekeland, leiar Ragnhild Ravna Skjærvik og fagopplærings sjef Torbjørn Mjelstad		
Forfall:			Sak: -2014/24617-20
Møtetid:	11.00-14.00	Møtestad:	Stord

Møteleiar: Signe Ekeland

Referent: Ragnhild Ravna Skjærvik

### Møte handla om:

- Utgangspunktet var to lærlingesaker.
- Fylkeskommunen har motteke fleire varsel angående same saker, men òg nye saker, og i andre deler av fylkeskommunen. Fylkesdirektør for opplæring har vore direkte kontakta og involvert. Elev- og lærlingombodet har kontakta fagopplæringa om forhold rundt opplæringskontoret.
- Større omgang enn på innkallingstidspunktet, og møtet endra karakter, etter dialog med styreleiar.

### Gjennomføring:

Signe Ekeland var møteleiar og la fram fylkeskommunen si sak. Innleiingsvis vart det orientert om at fylkeskommunen ville leggja fram saker og forhold som ein meiner det er heilt nødvendig å ta opp på overordna administrativt nivå, altså med styret. Fylkeskommunen la fram dokumentasjon i sakene undervegs i møtet.

### Innleiing

- Fylkeskommunen er positive til opplæringskontoret på Austevoll. De er ein viktig brikke i lærlingordninga Vi har og har hatt eit godt samarbeid over mange år
- Fylkeskommunen er skuleeigar. Vi har ein open dialog med skulane våre og set ting i samanheng i yrkesopplæringa. Vi veit at det har vore fleire episodar og forhold i det siste på skulen på Austevoll, men også over år. Dette har skulen meldt frå om
- Fylkeskommunen skal utøve mynde slik at brukarane er sikra korrekt handsaming og rettvise avgjersler. I denne samanhengen tenkjer ein på elevar, lærlingar og på opplæringskontoret
- Ein av fylkeskommunen sine nedsette verdiar er «i dialog», Vi samarbeider og jobbar for å vere i god dialog med brukarane og samarbeidspartane våre

- Det er komen fleire varsel frå ulike hald, både på dei varsla sakene, på nye saker og av meir generell karakter angående opplæringskontoret
- Fylkeskommunen ønskjer ein god dialog og finne ei løysning her

Saka er blitt svært omfattande. Store ressursar er brukt frå fylkeskommune. I den eine saka har det vore behandla 3 formelle saker om heving av lærekontrakten til lærlingen. Ulik grunngjeving, ulik tilnærming og dokumentasjon har blitt tilført sakene undervegs. Alle søknader har blitt avslått. Avlaga er blitt klaga på og 1 sak er klagebehandla utan å gje medhald. Ny klage er motteke. Fylkeskommunen gav uttrykk for at dette ikkje er kvardagsleg, snarare svært uvanlig og unikt.

Den situasjonen og den måten opplæringskontoret her utøver arbeidet sitt, er forhold fylkeskommunen ikkje ynskjer å ha i fagopplæringa i Hordaland. Det vart gjort merksam på at Austevoll vidaregåande skule stiller seg bak fagopplæringskontoret sine vurderingar og handlingar. Opplæringsdirektøren også. Fylkeskommunen kjem no til å gjere det ein kan, og setje inn dei tiltak som blir nødvendig for å sikre at forholda blir rydda opp i og at ikkje nye oppstår. Ein slår fast at ein opplever forhold som er skadelig for elevar, lærlingar, skule, fagopplæring, og sist men ikkje minst for opplæringskontoret på Austevoll.

#### **██████████-saka 85 journalposter over 400 dokument**

- ██████████ starta i lære ██████████ og skulle etter planen vore ferdig med læretid ██████████ var ██████████ månader i lære. Seks av månadane i lære måtte ██████████ jobba som ██████████
- ██████████ hadde avtale om ny båt ██████████ frå 29.mars 17, og hadde i epost av 24. februar.17 mottatt innkalling til halvårssamtale 07.03.17
- Kva som har skjedd i perioden mellom 24.02 og 07.03.17, har ikkje undersøkingar i saksbehandlinga gitt svar på. Fylkeskommunen vurderer det slik at det var tydelig likevel planlagt at ██████████ sitt læreforhold skulle avsluttast. ██████████ stilte med mannskapsjef ██████████ i staden for instruktør/ eller fagleg leiar (██████████). OK Austevoll stilte med dagleg leiar og rådgjevar Tore Hufthammer. Verksemda presenterte protokoll for heving
- Lærlingen opplevde etter fylkeskommunen si vurdering maktubalanse, ██████████ var uførebudd på situasjonen og utan bisittar. ██████████ gjekk nesten med på heving og sluttavtale, men trakk seg i siste liten. Opplæringslova § 4.6 heimlar at fylkeskommunen skal syte for at lærlingen skal uttale seg om hevinga, før fylkeskommunen fattar vedtak. Dette er eit ekstra vern i høve den svakaste parten, slik at det ikkje blir utøvd utilbørlig press, blir gitt tid til refleksjon og sikre reell oversikt over det som er reell årsak
- Fylkeskommunen tek ikkje stilling til innsendte hevingar, før begge partar er høyrte og saka er vurdert i samsvar med rutinar for heving av lærekontraktar

- Sjømannsforbundet var på eit tidspunkt involvert direkte mot [REDACTED]. Dei avklara at ansvarleg motpart i læreforholdet ikkje var [REDACTED] men OK Austevoll, Dei konstaterte då at OK Austevoll og Hordaland fylkeskommune måtte holdast ansvarlige. Altså forventar dei at OK Austevoll og fylkeskommunen formelt ordnar opp i saka og det er heilt rett
- [REDACTED]
- Fagopplæringa har motteke attest frå [REDACTED] datert (mars 18). [REDACTED] har vore arbeidstakar i perioden 2006 og 2008 og har hatt eit midlertidig tilsetjingsforhold no nylig. Attesten gir eit heilt anna bilete av [REDACTED] som arbeidstakar enn det OK Austevoll har lagt fram. «..veldig strukturert, løysningsorientert og en rollemodell for sine kollegaer». «Hatt opplæringsansvar for nye medarbeidarar, fått gode tilbakemeldingar på dette». Blir gitt dei varmaste anbefalingar
- Fagopplæringa har fått attest frå tilsett i [REDACTED] som også gir dei beste anbefalingar
- [REDACTED]

Fylkeskommunen la i møtet også vekt på dokumentasjon nr 61/62, av 24.10.17, der OK Austevoll skriv at «Opplæringskontoret i Austevoll kontaktar jurist på fagopplæringskontoret om plikter i samband med å forsøke å finne ny lærebedrift til [REDACTED]. Det juristen svarer skal opplæringskontoret i Austevoll forholde seg til». OK Austevoll mottok 01.11.17 rettleiing i rettar og plikter i samband med at heving no var avslått. OK Austevoll har etter dette ikkje retta seg etter råd og vedtak fått frå fylkeskommunen og klagenemnd. Dette er heller ikkje i samsvar med OK Austevoll sin vedtekne kvalitetspolitikk av 22.12.16, jfr heimesida.

Til saka høyrer med at det er utferda åtvaring i ettertid, det har vore skriftleg kommunikasjon mellom partane, og med fylkeskommunen og det har vore møteverksemd. Kolbeinsvik har ikkje nyttiggjort seg fylkeskommunen sine råd og vedtak. Fagopplæringa vart 12. juni 2018 gjort merksam på at munnleg åtvaring av 24.oktober 17 vart formelt trekt attende kort tid etter den vart framsett. Fagopplæringa har no fått oversendt dokumentasjon på at Kolbeinsvik formelt trekte denne attende i e-post til fylgjande mottakarar: Advokat [REDACTED], elev- og lærlingombodet, [REDACTED] og kopi til Hufthammer. Trass dette har OK Austevoll i tredje sak om heving brukt den munnlege åtvaringa som grunnlag for å heva kontrakten. Et opplæringskontor har plikt til å gje korrekt informasjon. Her er det altså brukt ein munnlig åtvaring (som er trekt attende) som grunnlag for å bygga opp ny argumentasjon i hevesak. Fylkeskommunen stiller spørsmål med kva anna er det OK Austevoll ikkje er redelig på? Kor mykje anna saksinformasjon er det som fylkeskommunen ikkje har fått førelagt i denne saka? Og andre saker forøvrig?

Fylkeskommunen fann det nødvendig og også vise til AML og Skipsarbeidslova sine bestemmelsar om dette, der det blir stilt krav til drøfting og at oppseiing skal vere sakleg grunngeve. Fylkeskommunen

reagerer og kan ikkje godta at eit opplæringskontor opptre slik ein har gjort i saker og ikkje rettar seg etter vedtak, gong etter gong.

#### Klage på avslag på heving av lærekontrakt (hevingsforsøk nr 3)

Fylkeskommunen har motteke ny klage, den 18.05.18. Fylkeskommunen vernar sjølvstøtt om klageretten. Klagen blir behandla jfr rutine og sendt til klagenemnd. Fylkeskommunen gjeikk ikkje inn i saksargumentasjonen for klagen i møtet, men trekte fram eit forhold som er teke opp i klagen, for på generelt grunnlag gje døme på korleis Kolbeinsvik beskrive fylkeskommunen si saksbehandling, sett opp mot kva som faktisk har skjedd i det omtalte forholdet.

Forholdet handla om [redacted] og at ho kunne teke kontakt med OK Austevoll i staden. I møtet gjorde leiar Ragnhild Ravna Skjærvik greie for at Ekeland pga dårlig dokumentasjon og framlegging av sak (mykje klipp og lim og anna) hadde kontakta Kolbeinsvik pr telefon og så pr e-post i tillegg for å bistå opplæringskontoret med å få fram all dokumentasjon på ein ryddigare måte. Dokumentasjonen var mangelfull og vanskelig å bruke. Fagopplæringskontoret ville ha alt på bordet. E-post av 23.03.18 vart lest opp i møtet. Skjærvik gjorde styret i tillegg merksam på at saksbehandlinga var kvalitetssikra gjennom bruk av vår jurist og godkjent på fleire leiarnivå. [redacted] Skjærvik viste også til andre døme: [redacted]

#### **[redacted]-saka**

- [redacted] starta i lære [redacted] ([redacted] seint innsendt) og skulle etter planen vore ferdig med læretid [redacted]. [redacted] har vore [redacted] månader i lære før [redacted] blei sendt i land. Årsak oppgitt er fare for allergi [redacted]
- Lærling føler seg diskriminert (sitat i e-post av 05.04.18) Dette tek fylkeskommunen på alvor
- «Vaskehjelp i 5 av 10 veker ombord. Spurte sjølv om å bli flytta til dekk og (under opplæring) fekk surt svar på at om eg ikkje jobba bra så fekk eg kun vere i forpleining». Fylkeskommunen gjorde styret merksam på at dette var ein lærling i fiske- og fangsfaget
- Lærlingen har ovanfor fylkeskommunen omtalar eit møte der [redacted] «fekk sparken». Kollbeinsvik informerer fylkeskommunen om at «[redacted] måtte i desember gje seg grunna fare for allergi». Stort misforhold i opplysningar. Feilinformasjon til fagopplæringskontoret. Saka blir i tillegg meldt som avbrot, ikkje heving. Opplæringskontoret hadde eit planlagt fråvær av opplæring frå 01.01.18 og framover. Det gjeikk omlag tre månadar før fylkeskommunen blei varsla
- [redacted] innhenta legeerklæring på at [redacted] er frisk og ikkje har allergi. Det må OK Austevoll akseptere

- [redacted] blir etter ei tid førespegla mogleg flytting til lære på ferje. [redacted] poengterte at det er ikkje i samsvar med faget [redacted] skal ha opplæring i. Kolbeinsvik svarer med å skrive at [redacted] er sjølv skuld i å bli ståande uten å ha inntekt
- Fylkeskommunen reagerer på måten Kolbeinsvik skriv til lærlingen i e-post. Nedlatande tone, ansvarsfråskrivning og urettvis ansvarleggjering av lærling. Heilt uakseptabelt
- Fylkeskommunen understreka i møtet at ein læring som må gå til det steget at [redacted] må påpeike at [redacted] ber om å få opplæring i det faget [redacted] har kontrakt i, gjer rett, ikkje feil
- Fagopplæringa har støtta [redacted] i å sjølv finne seg ny læreplass utanfor OK Austevoll

Saka til [redacted] kom på eit tidspunkt der OK Austevoll hadde fått grundig rettleiing om plikter om å få i gong opplæring etter avbrot/avslag på hevingar. Det kan ikkje fylkeskommunen akseptere.

## Andre forhold/saker – som viser omfanget/bildet som fylkeskommunen no ser

### Austevoll vidaregåande skule

Skulen har dei siste månadane fått negative tilbakemeldingar frå elevar, føresette, lærarar, lokale verksemder og reiarlag. Elevane føler seg dårlig behandla, ufin og uverdigg tilsnakking. Føresette og fleire med tilknytning til lokale verksemder kjem med same tilbakemeldingar. (e-post 11.4.18, frå Håvard Magnus Njåstad, ass. rektor). Opplæringsdirektøren har vore kontakta direkte og meiner at dette må fylgjast opp. Forholda er dokumentert i elev- og lærarundersøking og anna dokumentasjon.

Skulen har også tidligare år, siste 2-3 åra minst, fått heilt like tilbakemeldingar, men meir massivt i år. Kontrasten er svært sterkt mellom korleis besøk frå Maritimt opplæringskontor blir opplevd på skulen, samanlikna med OK Austevoll. Maritimt opplæringskontor «ynskjer elevane vel frå første ord blir sagt» og godtar utan tvil skulen sine vurderingar av karakterar m.m. [redacted]

Fylkeskommunen som skuleeigar tar desse meldingane på høgste alvor og opplæringsdirektøren har bedt fagopplæringssjefen gå inn i desse forholda og syta for å ordna opp i dei. Skulen opplever utlevering og nedlatande omtale av lærar årlig, i Kolbeinsvik sitt møte med elevar. Dette er teke opp med Kolbeinsvik, men held fram.

[redacted] Innhaldet i det [redacted] varslar, er kjenneteikn og fellestrekk både i varsel fylkeskommunen får og det fylkeskommunen sjølv opplever i saker. Styreleiar har vore direkte involvert i korrespondansen, og er kjent med denne. [redacted]

[REDACTED]

Fylkeskommunen registrerer at det kan vere ulikt syn på agenda og kva som har skjedd i den aktuelle saka, men ser ikkje grunn til å ikkje ta på alvor dei som er rettmessig uroa og som melder frå.

### **Sjømannsforbundet.**

Spesifikk attendemelding på to læresaker og reaksjon på korleis Kolbeinsvik definerer lærlingordninga offentleg på konferanse. Melder om at «OK Austevoll har for sterk tilknytning til medlemsbedriftene og deira økonomiske interesser».

Fylkeskommunen reagerer på skarpheten i innkallinga til oppfylgningssamtale i ei av sakene. Overskrifta i innkallinga indikerte temaet «framdrift i læretida». Innhaldet i saklista fortel kva OK Austevoll har planar om å gjennomføra. E-post av 04.06.18 vart lest opp i møtet. Fylkeskommunen stiller spørsmålsteikn ved om dette er føremålstenleg framgangsmåte dersom ein vil lykkast med fullføring av utdanninga til lærlingen? Bekymringsmelding frå Sjømannsforbundet 22.05.18. [REDACTED] lærling i matrosfaget. Føler seg utnytta som billig arbeidskraft. Kontrakten seier arbeidsplass som motormann, mens [REDACTED] er blitt satt i turnus på dekk som fiskar.

### **Prøvenemnder**

- Døme: telefonsamtale frå prøvenemnd hausten 2017.
- Døme: 3 lærlingar sendt på fagprøve utan å ha godkjent oppmelding.
- Døme: prøvenemnda fortel at lærlingen seier at ho har fått beskjed om sjølv å skaffe seg praksis. Det var ein elektrikarlærling som var lærling i båt, ikkje på land. Dette er ikkje akseptabelt.

### **Elev- og lærlingombodet.**

Lærlingombodet er tungt involvert i sak og me har motteke både munnleg og skriftlig varsling frå ombodet. I varsel understrekar ombodet at det er viktig at opplæringskontor trass i vanskelige saker held seg til vedtak og arbeider med utgangspunkt i å gjere ein best mogleg jobb både for sine medlemsbedrifter, men ikkje minst også for sine lærlingar.

[REDACTED]

### Spørsmål, refleksjon og ytring.



Det er opplæringslova som regulerer heving av lærekontrakt. I tillegg kan vilkår både i arbeidsmiljølova og sjømannslova og anna lovverk regulere dette. Fylkeskommunen stilte spørsmål til styret om styret stiller seg bak OK Austevoll ved dagleg leiar sitt syn om at heving av lærekontrakt kan gjerast på basis av eigne og medlemsbedrifter sine vurderingar, sett i lys av sakene som er lagt fram? Og altså ikkje regulert gjennom opplæringslova. [REDACTED]

Møteleiar tok opp som eige punkt [REDACTED], som diverre går direkte på skuleelevar og lærlingar sin integritet. Det vart vist til fleire dømer og dokumentasjon vart også lest opp og kommentert. Det vart vist til at det er nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. [REDACTED]

#### Oppsummering av fylkeskommunen sitt budskap:

- Kvar og ei sak og dei forhold som er teke opp har varierende alvorlighetsgrad. Samla sett vurderer fylkeskommunen det som svært alvorlig og heilt nødvendig å reagere på
  - Fylkeskommunen kan ikkje tillate denne type spel frå eit stort opplæringskontor. Med lovbrøt, eskalering, [REDACTED]
  - Fylkeskommunen kan ikkje ha situasjonar der ein ikkje kan stola på dokumentasjon og saksopplysningar som blir lagt fram, eller at dei ikkje blir lagt fram
  - Fleire lærlingar meiner seg utrettferdig oppsagt – direkte SPARKA
  - Utviklinga/lærdomen av rettleiing og sakene som har vore behandla bør frå OK Austevoll si side vere auka fokus på oppfylging, støtte til medlemsverksemdar og lærlingar for å auka fullføring. Ikkje eit nytt «regime» med åtvaringar og førebuingar til hevingar. [REDACTED]
  - Austevoll vidaregåande skule har eit framifrå samarbeid med næringslivet på Austevoll. [REDACTED]
  - [REDACTED]
- Fylkeskommunen ber om eit raskt taktskifte frå styret si side. At styret set inn strakstiltak og finn berekraftige løysingar og sikrar prosessar og omdømme framover
- Fylkeskommunen vurderer det som ein trussel for arbeidsmiljøet til lærlingane og skulen sine elevar
  - Fylkeskommunen vurderer situasjonen som svært skadeleg for opplæringskontoret, for omdømmet til næringa, for omdømmet til fagopplæringa og fylkeskommunen
  - Opplæringskontoret må sørgja for at opplæringa i bedrift fungerer betre og er i samsvar med lov og regelverk

- [REDACTED]

**Styret i OK Austevoll la fram fylgjande:**

- [REDACTED]-saken har vert opp i styre, men omfanget av saka blei ikkje oppfatta
- Styret meiner heilt klart at lovverket skal følgast
- For styret startar saka inn mot fylkeskommunen med [REDACTED]
- [REDACTED]
- Det er styret som har teke initiativ til å få gjennomført kartlegging på skolen etter at dei vart kontakta av assisterande rektor. Styret meiner at dersom ein skal gå inn i saker og få oversikt kva sakene egentlig har av omfang, treng ein dokumentasjon. Difor ba dei om kartlegging
- [REDACTED]. Det betyr ikkje at styret aksepterer at ein ikkje fylgjer lover og regler
- Styret har no starta sak i høve den situasjon som er oppstått inn mot fylkeskommunen. Det er ikkje gjennomført styremøte på saka førebels, men ein har hatt eit felles telefon møte samt telefon samtaler mellom den enkelte. Styreleiar ringer rundt til involverte og undersøker saka. [REDACTED]
- I saka om [REDACTED] har styreleiar ringt daglig leder for å høre om [REDACTED]. Styreleder har også ringt og undersøkt med [REDACTED]
- I saka om [REDACTED] har styreleiar også ringt til [REDACTED]. Styreleiar fortel at her er det bedrifta som er initiert. Bedrifta meiner at lærlingen ikkje fungerte i jobben. Vidare vart det vist til at [REDACTED] trong folk i forpleining. Fylkeskommunen påpeikar at det ikkje kjem fram i saka at lærlingen ikkje fungerte, men at det derimot blir vist til helseproblem, og viser til at lærlingen ikkje skal ha opplæring på forpleiningsfeltet, men i læreplanen i fiske- og fangstfaget. Styreleiar informerer om at ho har lest eit referat frå møte med [REDACTED]. Fylkeskommunen kjenner ikkje til det. [REDACTED]. I fylgje styreleiar er det komt fram at lege seier at [REDACTED] har hatt ein allergisk reaksjon. Det har vært et møte, her fikk [REDACTED] tilbod om matrosjobb. [REDACTED]. Det er lang avstand mellom det fylkeskommunen er og det medlemsbedriftene meiner. [REDACTED]

[REDACTED] Livet for fiskarar er annleis no enn før. Dette kan virke inn på korleis lærlingane har det

- [REDACTED] Begge bedriftene kan ikkje få prisgitt opplæringskontoret nok i [REDACTED] - og [REDACTED] -saka. Det vart også orientert om at Kolbeinsvik har uttalt at han vil klage på avslag i hevesak 3, og han grunnjev det med at det er rettigheten vår (les opplæringskontoret) å gjere det slik
- Styreleiar har ikkje snakket med dei aktuelle lærlingane sakene handlar om. Ho vedgår at det burde gjerne vore gjort
- Styreleiar meinte at dokumentasjonen fylkeskommunen legg fram er grundig og viktig i forhold til å ta rett avgjerd i denne krevjande saka
- Austevoll er et lite miljø, er dette et generelt problem hos elevane eller gjeld dette nokon? Etter å ha gjennomført undersøking ser ein at det ikkje er einvegskjøring i svara frå elevane. Her er det både og
- Møteleiar uttalte at ho opplever at styret treng å få verifisert korleis sakene er i heilskapsperspektiv. Fylkeskommunen understreka at våre instansar ikkje byggjer saksbehandling på rykter og antakelsar, men grunnjev saksforhold med dokumentasjon. Fylkeskommunen har god oversikt i dei forhold som er komen fram. Og det som er komen fram den siste tida, veg tungt
- Representantane frå styret uttalte at styret hadde enormt tillit til tidligare dagleg leiar. [REDACTED]  
[REDACTED]  
[REDACTED]
- Styreleiar uttalte at ho ønskjer at fylkeskommunen skal være tydelige

**Styret har sett inn fylgjande tiltak:** Skjerpa intervjuarka til elevar, og kurs i kommunikasjon for dei tilsette. Det er meldt frå om at [REDACTED] er uakseptabelt og skal ikkje nyttast. [REDACTED]

[REDACTED]  
[REDACTED]

[REDACTED]  
[REDACTED]

[REDACTED] Fylkeskommunen greip direkte inn kvelden [REDACTED] og avlyste møtet.

- Styret opplyste om at det er første gong styret nokon gong har motteke ein klage og eit varsel
- E-posten frå assisterande rektor Håvard Magnus Njåstad har gjort styreleiar mest bekymra. Det har vært mange møter med leiinga på skulen og dei vil fortsetje med tette møter framover. Seier også at dei i den dialogen tar opp utfordringar dei meiner dei ser [REDACTED]

Oppsummert kan ein sei at noko er kjent av det som ble presentert frå fylkeskommunen, men mykje er nytt for styret. Styret skal ha styremøte i neste uke. De har til no hatt ein felles telefonsamtale og styreleiar har snakka med kvar einskild åleine på telefonen.

Styreleiar fortel at det går mye rykter på Austevoll. Ho er tydelig på styret treng å få ro, og vil ikkje uttale seg om saka utad før ein har fått full oversikt og teke stilling. Ovanfor [redacted] er styret tydelige på at dei set inn tiltak på det som [redacted] har varsla.

[redacted] Styret må sikre rutinane sine. Største utfordringa er kva tiltak styret skal sette inn. [redacted] Styret vil gjerne vite kva konkret fylkeskommunen forventar av aksjonar/tiltak.

For å understreke alvorlet i situasjonen viste Ekeland til at ho er ansvarleg saksbehandlar/prosessleiar i denne store oppfylgningssaka. Leiar Ragnhild Ravna Skjærvik er sterkt inne i sakene. Leiinga ved Austevoll vidaregåande skule er også det. Det same er fagopplærings sjefen og opplæringsdirektøren. Det er tett kontakt med opplæringsdirektøren om saka. Seinast kvelden 12.06.18 hadde Ekeland og Skjærvik telefonmøte med direktøren. Einaste ledd som no står igjen i høve involvering frå leiing er fylkesrådmannen. Det var direktøren sin avgjerd at møtet med [redacted] skulle avlysast. [redacted] Dette ville være dobbelt kommunikasjon dersom fylkeskommunen let opplæringskontoret gjennomføre eit slikt møte no. Vi tilrådde difor at det ble utsett. Vi har ikkje tillit til [redacted]

[redacted] Fylkeskommunen viste til eit lett verifisert døme på sak dette er ei sak kor det er arkivert 85 journalposter i elektronisk elevmappe, og dokumentasjon på over 400 pdf-sider. «Normal-lærlingsaker» har vanlegvis eit dokument i elevmappa, eller kanskje opp mot ti saksdokument.

Fagopplærings sjef Torbjørn Mjelstad innleia med at fagopplæringa har jobba lenge både med tidlegare dagleg leiar og Kjetil Kolbeinsvik. Tidene endrar seg. Det betyr noko i denne samanheng. Lærlingordninga er skjøre ting, ein ser at det er sjansar for at nokon kan bli utnytta i læretida. Partane eig ordninga saman med det offentlige. Trepartsamarbeidet mellom fylkeskommunen, opplæringskontor/medlemsbedrift og lærling byggjer på tillit. Dersom fagopplæringa ser at tilliten er vekke, set fagopplæringa inn tiltak. Ikkje alle rutinar og forhold rundt læreløp er regulert, noko baserer seg på normar og reglar. Ting som var greit før er ikkje greit no. Fagopplærings sjefen viste her også til at ein har fått ein ny skjerping i opplæringslova.


Når det gjeld fagopplæringskontoret si oppleving av kontoret på Austevoll, uttrykte fagopplærings sjefen kontoret har valgt å sjå vekk frå avvik og ein del uregelmessigheit på rutinar. Når fagopplæringskontoret no ser at det er store avvik på det han omtalte som [redacted] » understreka han at dette ikkje kan akseptast. [redacted]




### Oppsummering/planlegging av vegen vidare.

Fylkeskommunen har fått 3 formelle varsel som fylkeskommunen må behandle. Fylkeskommunen må handle ut frå det ein ser er avvik, må så vise kva vi har gjort og kva som er/vert sett i gong av tiltak.

Fylkeskommunen vil behandla nylig framsett klage frå opplæringskontoret. På bakgrunn av det som kom fram i møtet, stilte fylkeskommunen spørsmål om styret ville oppretthalda klagen. Styret vil lese gjennom klagesaka og melda attende om dei vil oppretthalda klagen. Fylkeskommunen avventar svaret.

Styret oppsummerte med at dei ikkje har hatt nokon grunn til bekymring før, dette er nytt og det er veldig mykje. Styret set pris på at dei fikk kome til møtet 

 Dei informerte om at dei skal ha styremøte neste veke. Styret ønskjer å få ein klar tilbakemelding på kva de skal halda seg til.

Fylkeskommunen uttalte og krevde følgjande i møtet:

- Fylkeskommunen har lagt saka/sakene fram (ikkje utfyllande opplysningar, det ville vore eit betydelig meir tidskrevande møte, men lagt fram nok til å gje eit truverdig heilskapleg bilete) Fylkeskommunen og styret i opplæringskontoret har felles utfordringar. Handling må til. Fylkeskommunen har krav på seg til å handle og set krav til styret i så måte
- Kolbeinsvik ikkje skal inn i saker direkte med lærlingar i tida framover
- Styret syt for at opplæringskontoret følger lover og regler
- Set inn tiltak som rettar opp igjen fylkeskommunen sin tillit
- Fylkeskommunen er tilgjengelig for styret for å gi råd, rettleiing og avklaringar. Dersom det er behov, kan styret også be om at fylkeskommunen deltek i møter
- Fylkeskommunen ber om at det blir satt i gang strakstiltak
- Fylkeskommunen ga råd om å lage en kommunikasjonsplan for styret sin del
- Fylkeskommunen varsla at det kan bli aktuelt å involvere yrkesopplæringsnemda dersom saka ikkje vert løyst snarleg

## **Evaluering på gjennomføring av sjølvne møtet**

Det var varslet i starten av møtet at det vart avsett tid til evaluering av møtegjennomføring. Dette fordi at fylkeskommunen ønskja å få tilbakemelding på korleis den andre parten opplevde at møtet vart gjennomført, og korleis det var å møte fylkeskommunen i desse krevjande sakene.

Attendemelding frå styret:

- Fylkeskommunen har lagt fram alvoret i situasjonen slik fylkeskommunen ser det
- Styret meiner at møtet var ryddig gjennomført og at dei set pris på at det var godt førebudd, særskilt når det var slik kompleksitet
- Styret sette pris på at fylkeskommunen reflekterte undervegs og endra møteforma før møtet vart gjennomført

## Ragnhild Ravna Skjærvik

---

**Fra:** [Redacted]  
**Sendt:** 8. mai 2018 09:54  
**Til:** Signe Ekeland; Ragnhild Ravna Skjærvik  
**Emne:** Fwd: SV: status

Videresendt melding:

**Fra:** "Kjetil Kolbeinsvik" <kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no>  
**Dato:** 8. mai 2018 kl. 08:40:20 CEST  
**Til:** [Redacted]  
**Emne:** SV: status

Hei  
Eg er inne på same tanken som deg at me har ikkje fått til eit godt samarbeid.

Det som blir avgjerande for oss er at me til stadigheit har ulik oppfatning av kva som er vanleg i arbeidslivet og i opplærings situasjon. Det er sjølvsagt lov å være uenig, men det blir for mange situasjonar for oss.

[Redacted] trur ikkje me kjem til å bli enige om korleis ei læretid skal være.  
[Redacted]

Når du spør kva me tenkjer i Opplæringskontore: i Austevoll så må eg sei at me tenkjer at me ikkje har tillit til kvarandre og at det er best at me ikkje samarbeidar meir.

Kan hende og at no er tida rett for å skifte bedrift og opplæringskontor:

<https://sysla.no/maritim/mistet-en-hel-maritim-skoleklasse-vi-kunne-gitt-dem-jobb-pa-dagen/>

# Nå har det snudd: Rederiene skriker etter lærlinger

**Opplæringskontorene klarer ikke å skaffe nok nyutdannede sjøfolk til rederiene.  
Over 20 lærlingstillinger står ubesatt, og det er matroser det skorter mest på.**

av **Adrian Broch Jensen**

Publisert 27.04.2018 00:08 / Oppdatert 27.04.2018 09:02

Opplæringskontorene over hele landet melder om det samme. De sliter med å tilby nok lærlinger til rederiene som vil ha dem.

– Dette er en helt ny situasjon for oss, sier Oddmund Nystad, leder for Maritimt Kompetansesenter i sørøst.

Me har per i dag dekket vårt behov.

Med ynskje om ein fin dag 😊

Med helsing

**Kjetil Kolbeinsvik**

Dagleg leiar

Opplæringskontoret i Austevoll, Austevollshellevegen 68, 5384 Torangsvåg

Mob 46855274 [kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no](mailto:kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no) [www.okaustevoll.no](http://www.okaustevoll.no)

Opplæringskontoret i Austevoll er sertifisert av Bureau Veritas i samsvar med krav frå STCW og kan derfor handtere lærlingar og kadettar som ligg under STCW.



**Fra:** [Redacted]

**Sendt:** mandag 7. mai 2018 19:28

**Til:** Kjetil Kolbeinsvik <[kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no](mailto:kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no)>

**Emne:** Re: status

Hei. Jo det går, [Redacted]

[Redacted] Eg tenker om eg får muligheten til og jobbe for eit annet rederi så vill eg gripe den muligheten. ka tenke òke i Austevoll Opplæringskontor?

Mvh [Redacted]

7. mai 2018 kl. 13:46 skrev Kjetil Kolbeinsvik <[kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no](mailto:kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no)>:

Hei

Korleis går det med deg?

[Redacted]

Kva tenkjer du vidare no?

Med ynskje om ein fin dag 😊

Med helsing

**Kjetil Kolbeinsvik**



Dagleg leiar

Opplæringskontoret i Austevoll, Austevollshellevegen 68 5384 Torangsvåg

Mob 46855274 [kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no](mailto:kjetil.kolbeinsvik@okaustevoll.no) [www.okaustevoll.no](http://www.okaustevoll.no)

Opplæringskontoret i Austevoll er sertifisert av Bureau Veritas i samsvar med krav frå STCW og kan derfor handtere lærlingar og kadettar som ligg under STCW.

<image001.png>

**Fra:** Signe Ekeland (Signe.Ekeland@hfk.no)

**Sendt:** 25.06.2018 14:33:35

**Til:** 'Hege Lauvik'

**Kopi:** Torbjørn Mjelstad; Svein Leidulf Heggheim; Ragnhild Ravna Skjærvik

**Emne:** Utsett frist til å leggja fram tiltaksplan

**Vedlegg:** image001.png;image002.gif

Hei,

Eg viser til telefonsamtale med deg i ettermiddag. Fylkeskommunen gir utsett frist til onsdag 27.06.18 med tilsvar om tiltak.

Du tok opp at Skjærvik i dag har kommunisert med Kolbeinsvik i saker og stiller spørsmålsteikn ved om fylkeskommunen dobbeltkommuniserer når fylkeskommunen på den eine side stiller krav til at han ikkje skal jobba inn mot lærlingar inntil vidare. Men likevel tek kontakt i saker. Eg har undersøkt dette med Skjærvik. Forholda som er teke opp med Kolbeinsvik var oppfylging av e-postar sendt frå oss 4. mai, som vi ikkje har fått svar på. Epostane omhandla 2medlemsverksemder der opplæringskontoret har løpande lærekontraktar med fylkeskommunen. Verksemdene er registrert sletta i Brønnøysundregisteret den 19.12.17 og 11.10.2011. Desse kontraktane MÅ fylgjast opp og fylkeskommunen skulle hatt svar snarast på dette og aller helst blitt uoppfordra varsla frå opplæringskontoret si side.

Kolbeinsvik har sjølv kontakta fagopplæringa i dag, angående registrering av lærling som skal ut i foreldrepermisjon (kopi til deg). Dette meiner me er greitt at han gjer, då me forventar at andre på opplæringskontoret har sjølve oppfylginga med lærlingen.

Venleg helsing

Signe Ekeland

Spesialrådgjevar

Fagopplæringskontoret avd. Stord



Tlf: 45 29 68 79

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



Ein gjer merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

**Fra:** Hege Lauvik (hl@aksa.no)  
**Sendt:** 26.06.2018 10:07:35  
**Til:** Signe Ekeland  
**Kopi:** Torbjørn Mjelstad; Svein Leidulf Heggheim; Ragnhild Ravna Skjærvik

**Emne:** Re: Utsett frist til å leggja fram tiltaksplan

**Vedlegg:** image001.png;image002.gif

Hei Signe, takk for e-post og utsetjing. Takk og for tilbakemelding angående svar frå opplæringskontoret. Me vil berre sikre at me opptretr etter det som er stilt krav til. Helsing Hege

Sendt fra min iPhone

25. jun. 2018 kl. 14:33 skrev Signe Ekeland <Signe.Ekeland@hfk.no>:

Hei,

Eg viser til telefonsamtale med deg i ettermiddag. Fylkeskommunen gir utsett frist til onsdag 27.06.18 med tilsvar om tiltak.

Du tok opp at Skjærvik i dag har kommunisert med Kolbeinsvik i saker og stiller spørsmålsteikn ved om fylkeskommunen dobbeltkommuniserer når fylkeskommunen på den eine side stiller krav til at han ikkje skal jobba inn mot lærlingar inntil vidare. Men likevel tek kontakt i saker. Eg har undersøkt dette med Skjærvik. Forholda som er teke opp med Kolbeinsvik var oppfylging av e-postar sendt frå oss 4. mai, som vi ikkje har fått svar på. Epostane omhandla 2medlemsverksemder der opplæringskontoret har løpande lærekontraktar med fylkeskommunen. Verksemdene er registrert sletta i Brønnøysundregisteret den 19.12.17 og 11.10.2011. Desse kontraktane MÅ fylgjast opp og fylkeskommunen skulle hatt svar snarast på dette og aller helst blitt uoppfordra varsla frå opplæringskontoret si side.

Kolbeinsvik har sjølv kontakta fagopplæringa i dag, angående registrering av lærling som skal ut i foreldrepermisjon (kopi til deg). Dette meinar me er greitt at han gjer, då me forventar at andre på opplæringskontoret har sjølve oppfylginga med lærlingen.

Venleg helsing

Signe Ekeland  
Spesialrådgjevar  
Fagopplæringskontoret avd. Stord

<image001.png>

Tlf: 45 29 68 79  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

<image002.gif>

Ein gjer merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

**Fra:** Hege Lauvik (hl@aksa.no)

**Sendt:** 27.06.2018 17:36:15

**Til:** Ragnhild Ravna Skjærvik; Signe Ekeland

**Kopi:** Torbjørn Mjelstad; Svein Leidulf Heggheim

**Emne:** Svar på brev mottatt fra Hordaland Fylkeskommune

**Vedlegg:** Brev til HFK fra OK Austevoll 27.06.2018.pdf;Referat Ekstra Styremøte 19.06.18.pdf

Hei Ragnhild og Signe, sender som avtalt svar på krav mottatt av dykk. Ser gjerne at vi setter opp eit oppfølgingsmøte i næraste framtid. Dette er også sent per brevpost.

Vennlig hilsen,  
Hege Lauvik

Styreleiar  
OK Austevoll



Styret i Opplæringskontoret i Austevoll  
5384 Torangsvåg

27.06.2018


Hordaland Fylkeskommune  
Fagopplæringskontoret avd Stord  
v/Ragnhild Ravna Skjærvik, Leiar

### Opplæringskontoret i Austevoll – Styrets oppfølging av krav til tiltak

Det vert vist til brev av 18.06.2018 vedrørende oppfølging av Opplæringskontoret i Austevoll (OKA) og krav om tiltak.

Styret ser særskilt alvorleg på situasjonen til OKA. Styret var diverre ikkje klar over omfanget av situasjonen før møtet med Hordaland Fylkeskommune (HFK). Det er no viktig for styret at dette vert handsama på ein korrekt og ordentleg måte. HFK har i referatet gjeve ei grunding gjennomgang av saker og er særskilt tydelege i sine krav til styret. Det er klart at HFK og styret i OKA har felles utfordringar, og styret arbeider for å imøtekomme HFK sine krav.

Styret har frå 25.06.18 iverksett følgjande straktiltak:

- Kolbeinsvik trekkjer seg tilbake frå representasjon og direkte kontakt med elevar og lærlingar ei tid framover.
- Rådgjevar Tore Hufthamar overtek nokre av oppgåvene til dagleg leiar, Kolbeinsvik, ei tid framover.
- Styret trekkjer siste klage frå OKA datert 14.05.2018.
- Styret utarbeidar ein tiltaksplan med tidsfrist og prioritering.
- Styret startar eit større arbeid i organisasjonen som på sikt sikrar at OKA alltid fylgjer lovar og reglar
- 

Vedlagt styrereferat frå 19.06.2018.

Mvh,

Styret i Opplæringskontoret i Austevoll

Ekstra Styremøte 19.06.18 kl. 19.00

Tilstede: Hege, Eivind, Anita, Renate, Bjørn Kåre

Sak: Klagesak mot OK Austevoll ved Kjetil Kolbeinsvik frå Hordaland Fylkeskommune

Styret ser særleg alvorleg på situasjonen til OK Austevoll. Styret var diverre ikkje klar over omfanget av situasjonen før møtet med HFK. Det er no viktig for styret at dette vert handsama på ein korrekt og ordentleg måte.

Styret har motteke førebels referat frå møtet med HFK, og må svare på vidare saksgang innan mandag 25.juni. HFK har i referatet ei grunding gjennomgong av saker og er særleg tydelege i sine krav til styret i OKA. Det er klart at HFK og styret i OKA har felles utfordringar. Handling må til snarleg. HFK har krav på seg til å handle og set vidare krav til styret i så måte:

Strakstiltak: (HFK sine punkt og krav lista opp, tiltak frå styret i kursiv)

- Kolbeinsvik skal ikkje inn i saker direkte med lærlingar i tida framover
  - *Kolbeinsvik trekkjer seg tilbake fra representasjon og direkte kontakt med lærlingar ei tid framover.*
- Styret syt for at opplæringskontoret følgjer lovar og reglar
  - *OK Austevoll skaffar oversikt og sette seg inn i lover og regler som gjeld for verksemda i dei ulike faga. Dette skal implementerast i heile organisasjonen.*
- Set inn tiltak som rettar opp igjen fylkeskommunen sin tillit / Fylkeskommunen ber om at det blir satt i gong strakstiltak
  - *Næraste tida:*
    - *Styret i OKA tek informasjonen frå HFK på høgste alvor, og setter inn strakstiltak, ref. pkt. over, for å møte krava frå HFK*
    - *Hufthamar vert spurt om å ta nokre av oppgåvene til dagleg leiar i næraste tida*
    - *OK Austevoll trekkjer siste klage frå OKA datert 14.05.18*
    - *[Redacted]*
    - *[Redacted]*
    - *[Redacted]*
    - *Styret må være sikre på at det ikkje er fleire liknande saker*
    - *[Redacted]*
    - *Styret vurderar framtida til dagleg leiar i OKA*
  - *Tiltak som krev meir tid:*
    - *Sikre at lærlingar og potensielle lærlingar vert fulgt opp på ein god måte*
    - *Bevisstgjerung av språkbruk blant tilsette*
    - *Kjennskap til gjeldande og relevant regelverk blant tilsette og styre*
    - *Betre oppfølging og opplæring av bedrifter og lærlingar i Olkweb*

- Sikre at kommunikasjon må gjennom fleire i OKA for å sikre at kommunikasjon utad har god ordlyd (utg. post, mail sms ol)
- Kopi til styre/styreleiar på kommunikasjon ei tid framover
- Lage rutiner på betre dokumentering på kva som blir sendt ut av info til bedrift og lærlinger (telefonmøte, sms logg, epost logg andre logger). Dette for å sikre betre dokumentasjon frå OKA i framtida i tilfelle konflikt.
- Betre rutiner på mottak og handsaming på varslingsaker. Styreleiar og nestleiar skal alltid kopierast inn i dialogar kring varslingsaker og potensielle varslingsaker/konfliktsaker.
- Det er særst viktig at samarbeidet med Austevoll VGS er godt. Styret ynskjer å samarbeide med Austevoll VGS blant anna med at skulen og OKA årleg utfører ei kartlegging av elevar for å sikra godt samarbeid. Styret kontaktar skulen om dette.
- Det må sikrast at styret får meir og betre informasjon i vanskelege saker

**Fra:** Signe Ekeland (Signe.Ekeland@hfk.no)

**Sendt:** 28.06.2018 09:06:34

**Til:** 'Hege Lauvik'

**Kopi:** Torbjørn Mjelstad; Svein Leidulf Heggheim; Ragnhild Ravna Skjærvik

**Emne:** SV: Svar på brev mottatt fra Hordaland Fylkeskommune

**Vedlegg:** image001.png;image002.gif

Hei,

Takk for e-post med svarbrev og referat. Det blir journalført i dag.

Eg ser de ber om oppfølgingsmøte og eg kjem attende med dato. Reknar med å få svara deg på dette i dag.

Venleg helsing

Signe Ekeland

Spesialrådgjevar

Fagopplæringskontoret avd. Stord



Tlf: 45 29 68 79

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



Ein gjer merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

**Fra:** Hege Lauvik <hl@aksa.no>

**Sendt:** 27. juni 2018 17:36

**Til:** Ragnhild Ravna Skjærvik <Ragnhild.Skjaervik@hfk.no>; Signe Ekeland <Signe.Ekeland@hfk.no>

**Kopi:** Torbjørn Mjelstad <Torbjorn.Mjelstad@hfk.no>; Svein Leidulf Heggheim <Svein.Leidulf.Heggheim@hfk.no>

**Emne:** Svar på brev mottatt fra Hordaland Fylkeskommune

Hei Ragnhild og Signe, sender som avtalt svar på krav mottatt av dykk. Ser gjerne at vi setter opp eit oppfølgingsmøte i næraste framtid. Dette er også sent per brevpost.

Vennlig hilsen,  
Hege Lauvik

Styreleiar  
OK Austevoll





Styreleiar i Opplæringskontoret i Austevoll  
Hege Øye Lauvik  
Gullsmedvegen 7  
5397 Bekkjarvik

Dato: 12.07.2018  
Vår ref.: 2014/24617-26  
Saksbehandlar: sigekel  
Dykkar ref.:

## Oppfølging av Opplæringskontoret i Austevoll - møte 5.7.18 - krav om tiltak

Fylkeskommunen viser møte 5.7.18 og ber igjen om fylgjande:

- Det må bli sett inn strakstiltak jamfør forhold som fylkeskommunen la fram i møtet
- Det må utarbeidast ein tiltaksplan som gir oversyn over dei tiltak som vert sett i gong, prioritering og tidsfristar for gjennomføring
- Dagleg leiar skal ikkje ha direkte kontakt inn mot elevar og lærlingar i tida framover
- Fortløpande informasjon og dialog i forhold som kan ha betydning for fylkeskommunen sitt arbeid

Fylkeskommunen vil gjere merksam på at lista ikkje er uttømmende. Styret og opplæringskontoret pliktar å setje seg inn i gjeldande regelverk og følgje dei. De må sjølv og på eige initiativ sette inn nødvendige tiltak.

I etterkant av møtet 5.7.18, finn vi det rett å kommentere at styreleiar fleire gonger både på telefon og i møte har sagt at fylkeskommunen gir svært korte fristar. Vi har gjennomgått dokumentasjon og vil komme med ei presisering. I møte av 13.6.18 gjennomgikk fylkeskommunen varsel og konkrete saker i møtet. All dokumentasjon, som det vart referert til, vart delt ut i møtet. Utkast til referat vart sendt til styreleiar for kommentar 18.6.18. I telefonsamtale mellom styreleiar og Signe Ekeland 19.6.18 varsla fylkeskommunen at det vert sett frist til 25.6.18. Styreleiar uttalte på telefon til Ekeland at det ikkje hasta med referatet til styremøtet 19.6.18. Utkastet til referat, kor styreleiar ønskja nokre språklege endringar, kunne ho bruke i møtet. Det gikk 13 dagar frå den grundige gjennomgangen fylkeskommunen hadde i møte med styret, til frist for innsending gjekk ut. Frist vart også utvida med to dagar.

Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for vidaregåande opplæring. Opplæringskontoret for Austevoll er fylkeskommunen sin forlenga arm i dette arbeidet. Det er ikkje urimelig å forvente at opplæringskontoret ved styret skal setje i verk tiltak med ein gong for å sikre at opplæringa av lærlingane er i tråd med regelverket.

I møtet 5.7.18, gjorde fylkesdirektør for opplæring, Svein Heggheim, det klart for styret i opplæringskontoret at han ser svært alvorlig på sakene som omhandlar opplæringskontoret. Han sa vidare klart i frå om at direktøren ikkje kan finne seg i at det oppstår ei sak til. Fylkeskommunen krev at styret set inn tiltak som sikrar dette.

Vedlagt følgjer fylkeskommunen sitt referat frå møtet 5.7.18.

Ragnhild Ravna Skjærvik  
leiar

Signe Ekeland  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Møtereferat

Dato: 5.7.18

Emne:	Møte med styret i Opplæringskontoret i Austevoll	
Til stades:	Styreleiar Hege Lauvik, styremedlem Anita Melingen, styremedlem Renate Møgster Klepsvik (kommunen sin representant) frå Opplæringskontoret i Austevoll. Spesialrådgjevar Signe Ekeland, leiar Ragnhild Ravna Skjærvik, fylkesdirektør for opplæring Svein Leidulf Heggheim frå Hordaland fylkeskommune	
Forfall:		Sak: -
Møtetid:	13.00-14.30	Møtestad: Bergen

Møteleiar Signe Ekeland  
Referent Ragnhild Ravna Skjærvik


### Møte handla om:

- Oppfylging av fylkeskommunen sitt brev av 18.6.18, angående strakstiltak og tiltaksplan
- Opplæringskontoret i Austevoll informerer om og legg fram kva arbeid som er blitt gjort og kva dei planlegg
- Avklaring av opplæringskontoret/styret sitt behov for rettleiing frå fylkeskommunen
